



Notat

Til: Deg som skal i gang med planarbeid i Voss herad

Frå: Rådmannen/ stabsavdeling strategi og styring/ gu

Om: Planarbeidet frå A – Å

Innleiing

Planstrategi for Voss herad gjev ei samla oversikt over det planarbeidet me skal starta opp og/ eller realisera i åra 2020 – 2023 (*vedlegg 1*).

I planstrategien er det somme planar som skal handsamast i tråd med føringar lagt i Plan- og bygningslova (PBL). Dette gjeld sjølve kommuneplanen, kommunedelplanar og reguleringsplanar. Flytskjema relatert til planarbeid etter plan- og bygningslova finn du i *vedlegg 2*.

For utarbeiding av temaplanar, handlingsplanar, strategiar og policyar er me ikkje forplikta til å fylgja føringar i PBL, men rådmannen ynskjer likevel at også desse planarbeida vert utført på eit sett som sikrar god medverknad og det at me får eit så godt sluttprodukt som mogeleg. Stabsavdeling strategi og styring har difor laga til ei hugseliste som kan nyttast i samband med utarbeiding av dei mange planane i planstrategien. Prosessen som vert skildra under skal nyttast i samband med utarbeiding av temaplanar og handlingsplanar, strategiar og policy.

Prosess – frå oppstart til ferdig plan

1. Utarbeid **mandat** for arbeidet og få dette avklart i rådmannen si leiargruppe
Mandatet skal innehalda ei kort oversikt over bakgrunn, mål, delmål, organisering, oppgåver, framdriftsplan og interessentar (mal for mandatskriving finn du i vedlegg 3)
2. Etabler **arbeidsgruppe/** prosjektgruppe
3. Utarbeid **prosjektskisse** som danner grunnlag for «varsel av oppstart av planarbeidet»
Prosjektskissa skal innehalda fylgjande: Bakgrunn og status, formål, nasjonale og regionale føringar, kopling til kommuneplanen og planstrategi (FN sine berekraftsmål), forslag til tematisk oppbygging av planen, avgrensing til andre planar i kommunen, organisering av planprosess, medverknad, framdriftsplan samt behov for utgreiingar/ kunnskapsoppdatering.
4. Utarbeid **politisk sak** til det utvalet som har fagansvar for planen. Presenter prosjektskissa der.
5. **Varsle om oppstart** av planarbeid på kommunen si heimeside og under «kunngjeringar» etter vedtak i fagutval.
6. **Starte arbeidet** med sjølve planen, etablere evt referansegruppe / halda workshops, nytta leanverktøy etc.



7. Gjennomføra **medverknadsprosessar**
8. **Utkast til plan** presenterast politisk fagutval
9. **Utkast til plan** med politisk handsaming vert sendt ut på offentleg høyring og ettersyn (seks veker)
10. Sakshandsama innkomne høyringsinnspel og **utarbeida endeleg utkast til plan**
11. **Politisk handsaming** i fagutval, (formannskap) og heradsstyre.
12. **Publisera** ferdig plan

Vidare arbeid - ny planmodul i Framsikt

Arbeidet er i gang med å utvikla ein eigen planmodul i Framsikt. Framsikt er det verktøyet me i dag nyttar til å utarbeida økonomiplanen vår. Når den nye planmodulen er på plass vil alle planar i Voss herad verta lagt inn i Framsikt og publiserast der. Det er og meininga at sjølve skrivinga av planen skal gjerast i Framsikt. I Framsikt sin planmodul vil de og finna fleire nyttige funksjonar og tips til planarbeidet, m.a. forslag til disposisjon, koplingar til relevante andre planar og kopling til relevante berekraftsmål. Alle som skal jobba med planarbeid vil få opplæring i korleis Framsikt skal nyttast så snart dette er klart, truleg ein gong i løpet av våren 2022. Sjå eige punkt om «planar i Framsikt»

Treng du hjelp?

Viss du står fast og treng sparring/ støtte til å:

- Forankra planarbeidet til samfunnsdelen?
- Forankra planarbeidet til relevante FN berekraftsmål?
- Finna oppdatert kunnskapsgrunnlag/ relevant statistikk

Andre «tips og triks»

Kontakt:

gunnhild.utkvitne@voss.herad.no

gunnhild.utkvitne@voss.herad.no

Ingvild.E.Bogetvedt@voss.herad.no

liv.myklebust@voss.herad.no

gunnhild.utkvitne@voss.herad.no

Oppdatert 050222/gu



PLANOVERSIKT – VOSS HERAD SIN PLANSTRATEGI 2020 - 2023

Tittel	Oppstart	Type plan ¹	Politisk utval	Politisk vedtak
Tidleg innsats og livsmeistring	2020	K	LEV	Vår 2022
Strategisk næringsutvikling	2020	T	UKN	Haust 2021
Vegplan	2020	H	UKN	Haust 2021
Flaumsikring Vossovassdraget	2020	strategi	UMK	Haust 2021
Brannstasjon	2020	DR	FPL	2021
VossaROS	2020		UMK	2021
Samfunnsutviklarrolla	2020		FPL	Vår 2022
Inkludering og mangfald	2021	K	LEV	Vår 2023
Klima og klimatilpassing	2021	K	UMK	Haust 2022
Voss i vekst ²	2021	T	ADM	Vår 2022
Kulturplan	2021	T	UKN	Haust 2021
Fysisk aktivitet, idrett, friluftsliv	2021	T	UKN	Vår 2022
Trafikksikringsplan	2021	H	UKN	Haust 2021
Sentralidrettsanlegget	2021	OR	FPL	Vår 2021
Sentrumsutvikling	2021	Strategi	FPL	Haust 2021
Bustadsosial handlingsplan ³	2021	H	LEV	Haust 2021
Udlabutomta/ Vetleflaten	2021	OR	FPL	Vår 2021
Frivillighetspolitikk	2022	policy	LEV	Vår 2023
Pårørandearbeid	2022	H	LEV	Vår 2023
Hovudplan vatn	2022	T	UMK	Vår 2023
Randsone sentrum	2022	T		
Rusmiddelpolitisk handlingsplan ⁴	2023	H	LEV	
Ivaretaking av naturmangfald	2023	T	UMK	
Folkehelsestatus	2023		LEV	
Berekriftsindikatorar	Løpande		FPL	
Tilstandsrapporter skule, barnevern	løpande		LEV	
Klimarekneskap	løpande		FPL	

¹ K = kommunedelplan, T = temaplan, H = handlingsplan, OR = områderegulering, DR = detaljregulering. Forklaring på dei ulike plantypane finst i Vedlegg 3.


² Plan for å styrka utdanning og kompetanse - både samla for Voss herad og i kommuneorganisasjonen.

³ Vert integrert i kommunedelplan for inkludering og mangfald.

⁴ Vert integrert i kommunedelplan for tidleg innsats og livsmeistring.



Vedlegg 2





Mandat for

Bakgrunn

Målsetting

Hovudmålet er

Delmål:

1.

Organisering av prosjektet

Prosjekteigar:

Prosjektleder:

Prosjektgruppe

Rolle	Stilling	Person

Referansegruppe

Område	Stilling	Person

